

SAKSHANDSAMAR  
Terje B. Hovland  
DYKKAR REF.  
Jnr.: 311/03  
VÅR REF.  
2004/69- /TBH  
Ark. P-282-284

INNVÅLSTELEFON  
22 94 03 49  
DYKKAR DATO  
22. des. 2003  
VÅR DATO  
23 APR. 2004

TELEFAKS  
22 94 04 07



UNIVERSITETET I BERGEN  
Arkeologisk institutt

Jnr. 112/04 Dato: 27/4-04

14

Universitetet i Bergen  
Arkeologisk institutt  
Pb. 7800  
5020 BERGEN.

GODKJENNING AV SØKNAD OM DISPENSASJON ETTER  
KULTURMINNELOVA § 8 FØRSTE LEDD FOR GJENNOMFØRING AV  
ARKEOLOGISKE UNDERSØKINGAR AV MELLOMALDERBUSETNAD I  
JOSTEDALEN, LUSTER KOMMUNE, SOGN OG FJORDANE FYLKE

Vi viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 14. januar 2004, vedlagt Dykkar søknad av 22. desember 2003. Vi viser og til Dykkar e-post av 20. april 2004 med ettersending av kartmateriale. Vidare viser vi til Bergen Museum si tilråding datert 27. januar 2004. Saka gjeld søknad om løyve til å gjennomføre arkeologiske registreringar og undersøkingar i form av mindre sjaktegravingar i utvalde strukturar i Jostedalen, Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke.

Tiltaket vil medføre inngrep i utvalde agrare strukturar i form av åkerreiner, åkerhakk, teiggrensar, steingjerder, bakkemurar og vegfar. På grunnlag av erfaring må ein forvente at desse strukturane er frå førhistorisk tid og middelalder, og dermed automatisk freda i medhald av lov om kulturminner av 1978 nr. 50 (kml) § 4 første ledd. Etter kml § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode med mindre det ligg føre særskild løyve etter kml § 8. Riksantikvaren er rette myndigheit til å gje slikt løyve, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 1 nr. 1.

**Vedtak**

Med heimel i kml § 8 første ledd fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:

*Riksantikvaren gjev Arkeologisk institutt ved Universitetet i Bergen løyve til å gjennomføre arkeologiske registreringar og undersøkingar i form av mindre sjaktegravingar i utvalde strukturar med tilknytning til tidleg jordbruk i Jostedalen, Luster kommune, Sogn og Fjordane fylke. Løyvet gjeld utvalde agrare strukturar i form av åkerreiner, åkerhakk, teiggrensar, steingjerder, bakkemurar og vegfar i områda som er avmerkt på vedlagd kart (jf. kart 1-9, stempla Riksantikvaren og datert 21. april 2004).*

Riksantikvaren

Dronningens gate 13

Postboks 8196 Dep, 0034 Oslo

Telefon: 22 94 04 00 Telefaks: 22 94 04 04 E-post: riksantikvaren@ra.no

Løyvet vert gitt på følgjande vilkår:

*Inngrepa skal avgrensast til det som er naudsynt for å løyse dei faglege problemstillingane.*

*Søkjjar står ansvarleg for å varsle grunneigarar/brukarar før registreringane vert sett i gang (jf. kml § 11). Søkjjar står og ansvarleg for eventuelle krav om erstatning.*

*Alle sjakter og prøvestikk må fyllast igjen og torva leggjast tilbake, slik at det ikkje oppstår sår i terrenget.*

*Søkjjar er ansvarleg for at andre eventuelle spor etter busetnad og annan førhistorisk aktivitet enn det løyvet gjeld for, markert som fyllskifte mot sand/grus under dyrkingslag eller annan overflatemasse, ikkje vert skadd.*

*Alle påviste kulturminne, gravne sjakter og prøvestikk må dokumenterast, målast inn og merkast av på kart. Dette gjeld og eventuelle funntomme sjakter.*

*Innsamling av kjelder og rapportering skal skje med grunnlag i arkeologisk standard. Jordprøver og funn skal dokumenterast, samlast inn og merkast etter Bergen Museum sin standard etter avtale med dei samlingsansvarlege. Dokumentasjonsmaterialet og rapport frå kvar lokalitet skal leverast Bergen Museum så snart som mogleg, og seinast ved avslutninga av prosjektet.*

*Rapport frå registreringsarbeidet, med resultat frå undersøkingane og prøveuttak skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune, Bergen Museum og Riksantikvaren innan utgangen av 2005.*

*Løyvet gjeld berre for dei omsøkte registreringane og undersøkingane som nemnt i tilsendt prosjektplan, og i dei avmerkete områda vist på vedlagd kart og for perioden 2004 og 2005. Dersom feltarbeidet ikkje er ferdigstilt innan denne tid, må det sendast ny søknad til Riksantikvaren.*

### **Klagerett**

De har høve til å påklage vedtaket innan 6 veker etter at De har motteke dette brevet, jf. kml § 8 første ledd, tredje punktum. Ei eventuell klage skal rettast/adresserast til Miljøverndepartementet, men sendast til Riksantikvaren.

### **Bakgrunn for saka og omtale av prosjektet**

”Den fyrste busetnaden i Jostedalen” er tittelen på eit større prosjekt som Jostedal sogelag har sett i gang. Prosjektet sitt hovudmål er å finne ut når Jostedalen vart busett og å formidle resultatata til bygdefolk og turistar gjennom eit mangfald av verkemiddel. Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen er ansvarleg for den arkeologiske delen av prosjektet, og søkjer i samband med dette om dispensasjon frå kulturminnelova for å gjennomføre avgrensa arkeologiske undersøkingar på utvalde gardar.

På grunnlag av kart, bygdebok, informasjon frå munnlege informantar og synfaringar er det leita fram jordbruksstrukturar som åkrar, geilar og utmarksgjerde i områda rundt det som truleg er dei eldste gardskjernene. I alt er det målt inn 133 strukturar der det kan vere aktuelt å gjere arkeologiske undersøkingar. Avhengig av finansieringa, ser Arkeologisk institutt for seg tre alternativ for ei arkeologisk undersøking, gradert etter kor kostnadskrevjande dei vil vere. Søknaden gjeld det mest omfattande alternativet. Dette alternativet legg opp til ei undersøking av alle dei 24 gardane i dalen, med to sjakter på kvar gard i gjennomsnitt. På dei mest interessante gardane kan det vere aktuelt med fire sjakter. I kvar av sjaktene skal det avdekkjast eit areal på om lag 1 meters breidde og opp til 4 meters lengde.

#### **Merknader frå Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser svært positivt på den framlagde søknaden. Etter fylkeskommunen si vurdering vil prosjektet vere nyttig for kulturminneforvaltninga ved at ein, uavhengig av dei grensene ein reguleringsplan normalt set, vil få eit godt bilete av kva ein kan forvente å finne av førreformatoriske dyrkingsspor i eit vestnorsk dalføre. I si tilråding legg fylkeskommunen også vekt på at det er det lokale sogelaget som har teke initiativ til prosjektet, og at arbeidet såleis har ei viktig lokal forankring.

Fylkeskommunen legg og til grunn at det er gjort eit grundig forarbeid i utforminga av prosjektplanen, og at det er eit godt samsvar mellom val av målsetting og val av metode. Fylkeskommunen understrekar og at Arkeologisk institutt har brei erfaring frå tilsvarende prosjekt, og at den faglege delen i prosjektet såleis er godt ivareteken. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår difor til at det vert gjeve dispensasjon for gjennomføring av dei omsøkte registreringane, men at det vert stilt vilkår knytt til dokumentasjon, kartfesting og rapportering.

#### **Merknader frå Bergen Museum**

Bergen Museum støttar fylkeskommunen si tilråding og rår til at det vert gitt dispensasjon for gjennomføring av dei omsøkte registreringane. Bergen Museum legg i si vurdering stor vekt på at Arkeologisk institutt har lang erfaring med undersøkingar av liknande karakter, og at prosjektsøknaden vitnar om at det er gjort eit grundig forarbeid. Museet understrekar og at den typen registrering som prosjektet legg opp til kan gjennomførast på ein skånsam måte, samstundes som metoden har eit stort informasjonspotensiale.

Bergen Museum rår til at ein eventuell dispensasjon vert gjeven på vilkår av at kjeldeinnsamling og rapportering vert gjort i tråd med arkeologisk standard. Museet rår og til at det vert stilt krav om at kartfesting av inngrep, merka funn, prøver, dokumentasjon og rapport frå kvar lokalitet vert levert til Bergen Museum så snart som mogleg, og seinast ved avslutninga av prosjektet. Funn og prøver skal og merkast etter Bergen Museum sin standard etter avtale med samlingsansvarleg.

#### **Riksantikvaren sine merknader og grunngeving for vedtaket**

Riksantikvaren er samd i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bergen Museum si vurdering av saka, og vi har få merknader utover det som er nemnt i deira brev.

Riksantikvaren legg stor vekt på at det er gjort eit grundig forarbeid i utforminga av prosjektplanen. Vi legg og stor vekt på at Arkeologisk institutt er fagleg ansvarleg

for prosjektet, og at instituttet har lang og brei erfaring frå registrering og gransking av denne typen dyrkingsspor.

Etter Riksantikvaren si vurdering er det svært positivt at prosjektet har ei lokal forankring, og at det er det lokale sogelaget som har tatt initiativ til prosjektet. Dette vil vere ein stor føremon i forhold til formidling av resultatata frå prosjektet. Vi meiner og at prosjektet har eit stort vitskapleg potensiale, særleg med tanke på at ein legg vekt på å undersøke eit større samanhengande område. Dette bidreg og til at kulturminneforvaltninga kan dra stor nytte av resultatata frå prosjektet.


Riksantikvaren finn, etter ei samla vurdering, at ein kan gje dispensasjon for gjennomføring av dei omsøkte registreringane og undersøkingane i samsvar med vårt vedtak og vilkår.

Løyvet vert gitt for gjennomføring av prosjektet i samsvar med framlagt prosjektplan, alternativ 1. Dette er det mest omfattande alternativet og vil medføre registreringar og undersøkingar på alle dei 24 gardane i dalen. Alternativ 2 og 3 gjeld tilsvarande registreringar og undersøkingar på eit utval av dei mest interessante av dei 24 gardane i dalen, og vert såleis omfatta av løyvet.

Med helsing



Ingrid Smedstad (e.f.)  
seksjonssjef



Terje B. Hovland

Vedlegg: Kart (9 stk.), stempla Riksantikvaren og datert 21. april 2004

Gjenpart: Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdeling  
Bergen Museum, De kulturhistoriske samlinger